

---

**Fra:** Karl Atle Taule <atle@ing-taule.no>  
**Sendt:** 21. januar 2016 10:34  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Kopi:** Christian Hagerup Reinshol; Arnold Matre; Siril Therese Sylta; Dag Taule  
**Emne:** Klage på reguleringsplan med ID 1263\_20100900 Fløsvika gnr 196 bnr. 4 m. fl. Kapittel 9.11 - Infrastruktur

Vi vil hermed rette ei klage mot overnemnde reguleringsplan som vart vedtatt 17. desember 2015.

Planen gjev løyve til oppføring av 55 nye bueiningar (kap. 8.3). Det er i punkt 9.11 i planen hevda at eksisterande infrastruktur er tilstrekkeleg til å bere auka belastning som følgje av tiltaket. Vi er sterkt usamde i dette og vil grunngi dette nedafor.

Planområdet er ein del av eit større areal som er avskild mellom E39 og fjorden som har ein arm inn i Hillesvågen. Heile dette området er butte saman av den gamle hovudvegen, Leknesvegen fv 391. Frå avkøyringa ved Mundal på E39 i sør og fram til skulen på Leknes er det svært uoversiktleg med mange svingar og smal vegbane. I nord er det rimeleg god sikt langs Leknesvegen frå Eknes Karosseri. Ein del av strekninga frå skulen på Leknes har fortau. Dette går nordover frå krysset ved skulen og om lag fram til avkøyringa frå Leknesvegen til planområdet nemnd over. Vidare nordover mot Eknes Karosseri er vegen rimelig rett med varierende breidde. I dette området er det relativt nyleg ført opp ei rekkje bustader (Reg ID 1263-200906) blant eksisterande busetnad som strekkjer seg heilt fram til krysset ved Eknes Karosseri.

55 nye bueiningar vil føre til monaleg auka trafikk langs denne strekninga og trafikktryggleiken vert dermed dårlegare. Då denne vegstrekninga er så vidt mykje rettare meiner vi at hovudtyngden av biltrafikken til busetnaden nord for skulen vil velje denne som tilkomstveg til/frå E39. Vegen er også skuleveg for dei som bur i Kleivdalsvegen, Apalen, Hjelmås.

Ut frå dette meiner vi at det må setjast krav om medverknad til kostnadsdeling for trafikk sikring/fortau langs Leknesvegen frå eksisterande fortau og nordover mot avkøyringa til E39.

Med venleg helsing

*Karl Atle Taule*



Kvassnesvegen 33, 5914 Isdalstø

Tlf: 56 35 85 55- Fax: 55 35 86 56

Mobil: 908 66 010 mail: [atle@ing-taule.no](mailto:atle@ing-taule.no)